

# Vedtekter for **Bømlo Opplæringskontor (BOK)**

## § 1 Definisjon og formål

- 1.1 Foreininga Bømlo Opplæringskontor (BOK) er eit tverrfagleg opplæringsorgan for private verksemder og Bømlo kommune, som i fellesskap har tatt på seg opplæringsansvar i samarbeid med fylkeskommunen, skuleverket og lærlingane, etter Lov om fagopplæring i arbeidslivet.
- 1.2 Bømlo Opplæringskontor skal kunne gi tilbod lærepass i alle lærefag innan privat og offentleg arbeidsliv etter at arbeidsplassen er godkjend som opplæringsverksemd i faget, og fremja samarbeid skule - næringsliv

## § 2 Medlemskap

- 2.1 Bømlo Opplæringskontor er ein medlemsorganisasjon for Bømlo kommune og private verksemder heimehøyrande i Bømlo.
- 2.2 Offentlege og private verksemder kan bli medlem dersom dei stiller kvalitetssikra lærepassar til rådvelde.
- 2.3 Søknad om medlemskap i opplæringskontoret frå andre verksemder eller offentlege etatar blir avgjort av styret for opplæringskontoret på fritt grunnlag.
- 2.4 Eit medlem skal vera godkjend læreverksemd.
- 2.5 Dersom ei verksemd ikkje lenger ynskjer å vera medlem av opplæringskontoret, må dette meldast skriftleg med minst 1 månads varsel før opphørsdato. Medlemskap i opplæringskontoret blir avslutta enten pr 1.7 eller 31.12 kvart år. Utmelding skjer utan at oppsparte midlar i kontoret blir overført verksemda som melder seg ut.

## § 3 Opplæringskontoret sine oppgåver

Opplæringskontoret si oppgåve er å vera eit serviceorgan for medlemsverksemdene og skal mellom anna:

- 3.1 Teikne kontrakt med lærlingane på vegne av medlemsverksemdene innan dei fristar som er gitt.
- 3.2 Sjå til at medlemsverksemdene er godkjende av *fylkeskommunen* innan dei fag dei tilbyr lærepass.
- 3.3 Sjå til at lærlingane får opplæring i samsvar med dei fastsette læreplanane i faget.

- 3.4 Melde lærlingane opp til fagprøve innan dei fristar som er gitt.
- 3.5 Ha jamleg kontakt med vidaregåande skule, læreverksemd, fagansvarleg og lærling.
- 3.6 Halda *fylkeskommunen* orientert om eventuelle endringar i læreforhold.
- 3.7 Støtte behovet for kompetansefremjande tiltak blant medlemsverksemndene.
- 3.8 Jobba for å fremje opplæringskontoret og tilbodet i regionen, blant elevar og verksemder.
- 3.9 Jobba for eit breitt læretilbod til elevar.
- 3.10 Rekruttere nye medlemsverksemder.
- 3.11 Bidra til rekruttering til arbeidslivet i Bømlo.
- 3.12 Koordinere styringsgruppa frå arbeidslivet inn mot skule.
- 3.13 *Fylkeskommunen* skal godkjenne lærekontrakten og læreverksemndene som ein skriv kontrakt med.
- 3.14 Heving av lærekontrakt må på vanleg måte leggjast fram for *fylkeskommunen* til godkjenning.
- 3.15 Sjå til at dei plikter og rettar som følgjer av arbeidsmiljølova, gjelder i forhold mellom lærling og den verksemda der opplæringa finn stad.

## § 4 Medlemsverksemndene sine oppgåver

- 4.1 Peika ut ein fagleg leiar som skal ha ansvar for opplæringa.
- 4.2 Medlemsverksemndene har arbeidsgjevaransvar og betalar lærlingen løn, feriepengar med meir, i tida lærlingen har kontrakt.
- 4.3 Medlemsverksemndene har ansvar for at arbeidet inneholder opplæringselement i høve læreplanen for faget og at ein følgjer opp det ansvaret det er å ha ein lærling i verksemda.
- 4.4 Medlemsverksemndene pliktar å informera opplæringskontoret dersom opplæringa ikkje kan halda fram, t.d. ved permittering eller innskrenking. I slike høve skal opplæringskontoret arbeide for omplassering av lærlingen i ei ny læreverksemd. Ei eventuell heving av lærekontrakt må leggjast fram for *fylkeskommunen* for godkjenning.
- 4.5 Medlemsverksemndene er plikta til å følgje opp lærling med internkontroll og halvårsvurdering.

## § 5 Økonomi

- 5.1 Opplæringskontoret sitt arbeid blir finansiert gjennom offentlege tilskot.
- 5.2 Alle tilskot blir formidla til opplæringskontoret, som igjen fordeler tilskota til læreverksemndene. Styret avgjer kor stor del av tilskotet som skal refunderast læreverksemndene.

## § 6 Årsmøte

- 6.1 Årsmøtet er opplæringskontoret sitt øvste mynde. Ordinært årsmøte blir halde innan utgangen av mars månad kvart år.
- 6.2 På årsmøtet har kvar medlemsverksemrd rett til å møte med ein representant. Kvar verksemrd har ei stemma.
- 6.3 Styreleiar kallar inn årsmøtet med minst 14 dagars varsel. Innkalling skal vera skriftleg og angje dei saker som skal behandlast.
- 6.4 Årsmøtet skal behandla og avgjere følgjande saker:
  - Årsmelding
  - Fastsetjing av resultatregnskap og balanse
  - Val av styreleiar for opplæringskontoret
  - Val av styremedlemmar med personlege varamenn
  - Peike ut valnemnd
  - Andre saker som er nemnt i innkallinga
- 6.5 Årsmøtet avgjer alle saker med alminneleg stemmefleirtal, med mindre desse vedtekten har bestemt noko anna for særlege saker.
- 6.6 For årsmøtet vert det ført protokoll som blir underteikna av møteleiar og ein person vald av årsmøtet.
- 6.7 Ekstraordinært årsmøte blir halde når styret finner det nødvendig eller dersom minst ein tredjedel av medlemsbedriftene i opplæringskontoret krev det.
- 6.8 Årsmøtet skal fastsette årleg godtgjersle til styret.

## § 7 Styret

- 7.1 Opplæringskontoret vert leia av eit styre på fem til sju personar, alle med personlege varamedlemmer.
- 7.2 Styret må veljast ut frå medlemsverksemndene.
- 7.3 Bømlo kommune stiller med to representantar i styret.
- 7.4 Leiari vert vald av årsmøtet for eit år om gangen. Andre medlemmar med varamedlemmar vert vald for to år om gangen. Kvart år er minst ein, men høgst to av medlemmane i styret på val.
- 7.5 Leiari i styret, saman med administrativ leiari har signaturrett.
- 7.6 Styret sine vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Ved like stemmer tel leiari si stemme dobbelt.
- 7.7 Styret kan gjera vedtak når minst halvparten av medlemmane er til stades.
- 7.8 Styremøte skal haldast minst tre gonger i året, og når leiari eller minst to av medlemmane finn det nødvendig.
- 7.9 Det skal førast protokoll frå styremøta. Protokollen vert underteikna av protokollførar og leiari i styret.
- 7.10 Styret skal avgjera konsulent- og tilsettjingsforhold.

## § 8 Administrasjon

- 8.1 Opplæringskontoret har ein administrativ leiari.
- 8.2 Den administrative leiaren er tilsett i Bømlo kommune.

- 8.3 Opplæringskontoret har driftsavtale med kommunen og godkjenner tilsetjinga.
- 8.4 Opplæringskontoret skal føre tilsyn med opplæring i verksemndene som er medlem av opplæringskontoret gjennom personar med fagleg kompetanse i det faget lærekontrakten gjeld.
- 8.4 Administrativ leiar skal leie opplæringskontoret si daglege drift i samsvar med forskrift til Opplæringslova.

## § 9 Vedtektsendringar

- 9.1 Endringa av vedtekter kan berre gjerast på årsmøtet og då med 2/3 fleirtal av dei vedtaksføre frammøtte.